

Arne Riisnes
Fensfjordvegen 618
5986 Hosteland

Masfjorden kommune v/ leiinga
5981 Masfjordnes

Gjerdehald og teleteknisk arbeid på eigedomen 14 /3.

Som de kjenner til har det vore utført ein heil del teleteknisk arbeid langs FV 570 m.a. strekking av fiber frå Hosteland til Moland forbi Legdavikleitet.

I all minnelegeheit har utførande entreprenør teke ned gjerdet langs vegen på ein del stader – særleg forbi helsetunet i retning Legdavikleitet der min eigedom 14 /3 grenser mot Duesund / Molland. Føresetnaden for at ta ned gjerdet og setje opp nye stolpar, er sjølvstakt at gjerdet vert hekta saman att og reist opp att. Ein kan ikkje sjå at dette er gjort.

Det vil vere kjend at Masfjorden kommune har ansvar for gjerdet frå Hosteland så langt som min eigedom går – på nedsida av vegen. Notegarden er mange stader dårleg og rusta då det er meir enn 50 år sidan han vart sett opp. Det er såleis tid for å gå over garden og fornye strekningar som dårlege. Dette fritek ikkje Eltel og deira entreprenør – Bøvågen Maskin - for sin del av arbeidet, men det er greitt at de som har ansvaret for det kommunale gjerdehaldet veit om dei rettane bruket har og kva som påkviler Masfjorden kommune og at dette ansvaret vert innfridd.

Eg har varsla ELTEL om saka slik at dei kan gjere sitt for å rette opp sitt før dyr skal på beite. Den samen tidsfristen gjeld sjølvstakt for Masfjorden kommune.

Med venleg helsing

Arne Riisnes